

IT-utdanning til Sogn og Fjordane - pressemelding

Arbeidet med å etablere ei næringsretta IT-utdanning i Sogn og Fjordane er eit stort steg nærmare fullføring etter at styret for Høgskulen på Vestlandet (HVL) 15. februar vedtok å fordela 10 av 40 nye IT-studieplassar til fylket.

— Dette er storveg, og viser at samarbeidet mellom næringsliv og offentlege aktørar i IT-forum er viktig for utviklinga i fylket, seier leiar i IT-forum Sogn og Fjordane, assisterande fylkesmann Gunnar O. Hæreid.

Behov for IKT-utdanna

I 2014 gjennomførte Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ei kartlegging som viste stort behov for IT-kompetanse i fylket. Same år starta IT-forum Sogn og Fjordane arbeidet med å etablere ei IT-utdanning som kunne fylla behovet som særleg næringslivet hadde peika på. Arbeidet fekk økonomisk støtte frå Innovasjon Noreg, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og INU-FSF-ordninga. I tillegg stilte fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren, stortingsbenken og næringslivet seg heilhjarta bak initiativet.

Startar hausten 2017

Det faglege grunnlaget for IT-utdanninga er no lagt gjennom IT-forum, med Vestlandsforskning som prosjektleiar og i tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det økonomiske grunnlaget er òg på plass ved at styret i den nye Høgskulen på Vestlandet har løyvd midlar til ti studieplassar.

Tildelinga gjer det mogleg å starta opp ei bachelor-utdanning alt hausten 2017, med god støtte frå HVL Campus Bergen og frå næringslivet i Sogn og Fjordane.

Høgskulefusjon gav fart

Pro-reaktor for nærregion Sogn og Fjordane ved HVL, Rasmus Stokke, meiner høgskulestyret har gjort eit veldig gledeleg vedtak.

— Med dette får me starta opp eit utdanningstilbod i IKT, og det følgjer opp strategien Høgskulen i Sogn og Fjordane la for å bli meir relevant for næringslivet. Samanslåinga til Høgskulen på Vestlandet gjorde det enklare å få dette til raskt, sidan vi no har ei direkte kopling til det IT-faglege miljøet i Bergen og er i posisjon til å få tildelt ekstra studieplassar, seier Stokke.

Kjem heile fylket til gode

Leiar i IT-forum Gunnar O. Hæreid seier at etableringa av IT-studium i fylket viser styrken i “Sogn og Fjordane-modellen” – å samla offentlege og private aktørar for å arbeida for konkrete mål.

— Denne modellen ligg bak at fylket vårt presterer i landstoppen for alle dei viktigaste levekårsindikatorane. I IT-forum brukar me modellen for å sikra at fylket framleis ligg langt framme på digitalisering og å ta i bruk IT, seier Hæreid. Han meiner etableringa vil koma næringslivet i heile

fylket til gode, til dømes ved direkte kopling mellom studentar og verksemdar gjennom praksisopphald.

Kontaktinformasjon:

Gunnar O. Hæreid, leiar for IT-forum Sogn og Fjordane, tlf. 911 80 626

Rasmus Stokke, prorektor for nærregion Sogn og Fjordane ved HVL, tlf. 951 54 332